

Norsk orgelfestival 2018

ORGEL I SAMSPILL

HANS-OLA ERICSSON

KLOKKESPELKONSERTAR


UTSTILLINGSOPNING

MEISTERKLASSAR

FAGDAG

PILEGRIM I ORGELSKO

FESTIVALHØGMESSE



NORSK ORGELFESTIVAL



HELSING FRÅ STYRELEIAR

Kjære festivaldeltagere!

Orgel i samspill kan stå som overskrift på årets festival.

Kirkeorgelet er et fleksibelt instrument som kan inngå i forskjellige kombinasjoner og sjangre. Det er et av festivalens mål å bidra til nyskaping og fornyelse av orgelmusikken, og vi er stolte av å kunne presentere flere konserter med orgelet i nye roller under årets festival.

Hele fem av våre arrangement i år inneholder orgel i samspill med andre instrumenter og ensembler. På åpningskonserten markerer vi musikkorpsenes år og lar orgelet spille sammen med messingensemble i et orginalverk for orgel og messing av Elfrida André og et spesialbestilt arrangement av en symfonisats av Widor. De fire andre arrangementene er sjangerovergripende hvor orgelet opptrer i settinger med folkemusikk- og jazzmusikere.

Vi er veldig glade for at Kirkerådets satsing på unge orgelspillere, «Pilegrim i orgelsko», dette året er med som vårt ungdomskurs, og vi ønsker dere hjertelig velkommen. Vi håper dere får spennende og inspirerende dager med læring, lytting og ikke minst samspill med unge jazzmusikere fra «Unge talenter Bjergsted». Arbeidet under kurset fører fram til en konsert i Grødem kirke lørdag og festivalgudstjenester i både St. Johannes og Lura kirker søndag.

Ellers har årets festival også samarbeid med Ung kirkesang som har samling for ungdomskorsangere under festivalen og sørger for en festivalgudstjeneste i Stokka kirke søndag.

Da gjenstår bare å ønske god festival for deltagerne. Vi håper dere får høre noe dere ikke har hørt før og finner inspirasjon i konsertene, foredragene og undervisningen som finner sted disse dagene.

Edgar Hansen

styreleder i Norsk orgelfestival

torsdag 13. september

FAGDAG

KLOKKESPELKONSERTAR

OPNINGSKONSERT



Hovedorgelet i Stavanger domkirke
av Orgelmakerij Reil 1992/2015

FAGDAG

I samarbeid med Stavanger bispedøme
Stad: Thon Hotel Maritim, Kongsgata 32

11.00

Torsdagsmesse Stavanger domkyrkje

11.30

Lunsj

12.30—

Foredrag

13.30

Einar Fagerheim om Timani

Timani har til hensikt å gje vitskapeleg baserte reiskapar for at musikarar skal kunna utvikla seg vidare heile livet på lag med kropp og sinn. Den er utvikla av Tina Margareta Nilssen.

13.45—

Foredrag

16.45

Idear til arrangering og instrumentering for messingblåsarar og orgel ved Tom Brevik

Aktuelle tema

- ulike transponeringar
- noterte og klingande teoretiske og praktiske omfang
- fordeling av akkordtonar i messingensemblet
- moglege utfyllande harmoniske variasjonar i messingensemblet i forhold til orgelsatsen
- fraseinndelt instrumentering
- døme på ulike typer diskantstemmer

A series of lectures for church musicians will be presented by Einar Fagerheim (Timani method) and Tom Brevik (how to write for brass and organ). The lectures will be held at Thon Hotel Maritim and are open to members of the audience with valid ticket or Kurspass holders. The lectures will be held in Norwegian.

Klokkespelkonsertar i Stavanger domkyrkje

ved Goos ten Napel

Carillon concerts

12.00

John Lennon / Paul McCartney / George Harrison

Hey Jude

Blackbird

Here comes the sun

Jimmy Page / Robert Plant

Stairway to heaven

Tre franske chansons

Joseph Kosma: *Les feuilles mortes* (Autumn leaves)

Édith Piaf: *La vie en rose*

Michel Legrand: *Les parapluies de Cherbourg*

Benny Andersson / Björn Ulvaeus

Thank you for the music

Alle arrangement Goos ten Napel

Gratis / *Free*

18.30

Musikk av **Johann Sebastian Bach**

Allemande frå *Fransk suite nr. 2*, BWV 813, arr. Leen 't Hart

To koralpreludier

Ich ruf zu dir, Herr Jesu Christ, BWV 639,

arr. Bernhard Winsemius

Bist du bei mir, BWV 508, arr. Leen 't Hart

Gavotte en rondeau frå *Partita nr. 3*, BWV 1006,

arr. Goos ten Napel

Frå 8 små preludier og fuger, arr. Goos ten Napel

Preludium nr. 3, BWV 555

Preludium nr. 6, BWV 558

Preludium nr. 4, BWV 556

Gratis / *Free*

Opningskonsert i St. Petri kyrkje

Den 28. Norsk orgelfestival vert opna av den svenske ambassadøren, Axel Wernhoff, under opningskonserten.

Welcome to the opening concert, where the Swedish Ambassador to Norway, Axel Wernhoff, will officially open the 28th edition of Norsk orgelfestival.

19.00

Charles-Marie Widor (1844–1937)

Frå *Symfoni nr. 6*, op. 42. nr. 2: 1. Allegro

Transkripsjon av Terje Hadland (*1965)

Peteris Vasks (*1946)

Te Deum (1991)

Oskar Lindberg (1887–1955)

Sonate i g-moll (1924)

1. Marcia elegiaca
2. Adagio
3. Alla Sarabanda
4. Finale. Allegro con brio

Arvo Pärt (*1935)

Annum per annum (1980)

K – G – C – S – A

Elfrida Andrée (1841–1929)

Symfoni nr. 2 for orgel og messing (1892)

1. Allegro moderato
2. Andantino cantabile
3. Finale. Allegro maestoso

Hans-Ola Ericsson og Arnfinn Tobiassen, orgel

Musikarar frå Universitetet i Stavanger

PK Svensen, dirigent

Billetter / *Tickets*

NOK 50–200

fredag 14. september

**MEISTERKLASSER
KLOKKESPELKONSERTAR
RELEASEKONSERT**



Foto: Jon Blamire / arcticorganist

Hovedorgelet i Sandnes kyrkje
av Norsk orgel- og harmoniumfabrikk, 28/III, 1971

09.00—
12.00

Meisterklasse #1: Nordisk romantisk musikk

ved Hans-Ola Ericsson

Stad: St. Petri kyrkje

*Masterclass #1 with professor Hans-Ola Ericsson,
Nordic Romantic repertoire*

Billettar / *Tickets*

NOK 500 / Kurspass

09.00—
12.00

Individuell timaniundervisning

ved Einar Fagerheim

Stad: Tjensvoll kyrkje

Ikkje åpent for publikum

Private timani tuition, not open to the public

11.00

Lunsjkonserert i Sandnes kyrkje

Lunchtime recital

Claude Debussy (1862–1918)

Clair de lune

Arabesque nr. 1

Henrik Ødegaard (*1955)

Frå *The last words*: sats 2 og 5

Léon Boëllmann (1862–1897)

Suite gothique, op. 25

1. Introduction – Choral
2. Menuet gothique
3. Prière à Notre-Dame
4. Toccata

Ghislain Gourvennec, orgel

Dagny Gimse, dans

Arnfinn Tobiassen, konsertvert

I samarbeid med Den kulturelle spaserstokk, Sandnes

Gratis / *Free*

12.00

Klokkespelkonsert i Stavanger domkyrkje

ved Goos ten Napel

Carillon concert

Variasjonar over norske songar

arr. Goos ten Napel

Mellom bakkar og berg

Blant alle lande i øst og vest

Edvard Grieg (1843–1907)

Frå *Lyriske stykker*, arr. John Courter

1. Vals

2. Folkeviser

3. Vals

4. Bestemors menuett

5. Bryllupsdag på Trolldhaugen

Gratis / *Free*

14.00—

17.00

Meisterklasse #2: Nordisk romantisk musikk

ved Hans-Ola Ericsson

Stad: Stavanger konserthus

Masterclass #2 with professor Hans-Ola Ericsson

Nordic Romantic repertoire

Billetter / *Tickets*

NOK 500 / Kurspass

15.00

Klokkespelkonsert i Stavanger domkyrkje

ved Goos ten Napel

Carillon concert

Moritz Moszkowski (1854–1925)

Spansk dans, arr. Eugene Uten

Felix Mendelssohn (1809–1847)

Lied ohne Worte, arr. Eugene Uten

→

→

Frédéric Chopin (1810–1849)

Vals op. 69. nr. 2, arr. Henk Groeneweg

Edward Elgar (1857–1934)

Chanson de matin, arr. Goos ten Napel

Dmitrij Sjostakovitsj (1906–1975)

Jazzwalz nr. 2, arr. Frank Steijns

Gratis / *Free*

18.00

Musikalsk stunt

ved Pilgrim i orgelsko i foajeen i Sølvberget,
Stavanger bibliotek og kulturhus

19.30

Klokkespelkonsert i Stavanger domkyrkje

ved Goos ten Napel

Carillon concert

Thomas Sanders Dupuis (1733–1796)

Gavotte med variasjoner, arr. Goos ten Napel

Georg Friederich Händel (1685–1759)

Largo og Allegro frå *Sonate i F*, arr. Moshé Lewkowitz

A. Fiorini

Andante, arr. Goos ten Napel

Johannes Berghuys (1724–1801)

Frå Berghuys-manuskriptet:

Tempo di gavotta

Double di tempo di gavotta

Gigue

Georg Philipp Telemann (1681–1767)

Allegro frå *Sonate i F*, arr. Moshé Lewkowitz

Gratis / *Free*

Releasekonsert i St. Petri kyrkjemed trioen Torstrup / Inderberg / HögbergSlepp av plata *Selbu Sessions* (Øra Fonogram)

Plata er eit kammermusikalsk prosjekt bygd rundt orgelet som hentar impulsar frå fleire sjangrar. Påverknaden frå jazz og rock blir primært teke i vare av Martin Högbergs eklektiske gitarspel. Inspirert av både Hank Marvin, Miles Davis og Jimi Hendrix lagar Högberg vakre klangmatter og distinkte melodilinjer som saman med orgelet utgjer ein sjangeroverskridande heilskap.

Release concert for the Torstrup / Högberg / Inderberg Trio's latest disc Selbu Sessions, published on Øra Fonogram. Inspired by a diverse range and genres, the music can be described as a chamber music project based around the organ.

Thomas Torstrup, orgel

John Pål Inderberg, saksofon

Martin Högberg, gitar

Billettar / *Tickets*

NOK 50–200



Hovedorgelet i St. Petri kyrkje
av Jemlich Orgelbau, 40/III, 1977

laurdag 15. september

OMVISNING
UTSTILLINGSOPNING OG FOREDRAG
KONSERTAR



Foto: Viggo Fagerjord

Hovedorgelet i Lura kyrkje
av Jemlich Orgelbau, 28/11, 1988

12.00—

14.00

Orgel– og klokkespelomvising i Stavanger domkyrkje

Guided tour around the carillon and Reill organ

Kom og sjå orgelet og klokkespelet i den historiske domkyrkja på nært hald! Gruppeturar på høgst 8 personar – noko venting må forventast. Det blir lagt ut lister nede i kyrkja der ein kan skriva seg opp på ønska tidspunkt for omvisinga, mellom kl. 12.00 og 14.00. Guide er domkantor i Stavanger, Ivan Sarajishvili.

Join us for a guided tour around the carillon and Reill organ at Stavanger Cathedral. Due to restricted space in the organ loft, a maximum of 8 people at the time will be shown the impressice carillon console as well as the inside of the recently refurbished Reill-organ.

Billettar / *Tickets* NOK 20

13.00

Dei unges konsert i Grødem kyrkje (Randaberg)

Deltakarane på Pilegrim i orgelsko-kurset i alderen 9 til 27 år set kvarandre i stemne med musikkleik der orgelet er i sentrum.

Concert with the participants at the ‘Pilegrim i orgelsko’ course, aged 9–27.

Gratis, kollekt ved utgangen / *Free, retiring collection*

14.00

Utstillingsopning i Galleri Sølvberget

Opning av utstillinga ONION av Elisabet Norseng på Galleri Sølvberget. Eit nytt orgelverk av Sven Lyder Kahrs, framført av Nils Henrik Asheim, vil vere integrert i utstillinga, og blir særskilt markert under opninga. Utstillinga er open fram til 2. november.

Official opening of the exhibition ONION, created by Elisabet Norseng. A new work for organ by Sven Lyder Kahrs, performed by Nils Henrik Asheim, is an integral part of the exhibition, which will be open until 2 November.

Gratis / *Free*

15.30

Foredrag: «Kva er tolking av orgelmusikk?»

Kva skil ei framføring av orgelmusikk frå ei anna? Kva for kunstnarlege verktøy har organisten for å laga si eiga unike tolking? Magnus Andersson er musikkritikar i Klassekampen og jobbar med slike spørsmål dagleg. I dette personlege foredraget fortel han om korleis han lyttar, han løfter fram einskilte tolkingsaspekt han er fasinert av, og han snakkar litt om kva som gjer orgelmusikken unik i forhold til annan musikk. Foredraget blir rikelig illustrert med klingande døme. Stad: Møteplassen, Sølvberget

Lecture by Magnus Andersson, reviewer of classical music in the paper Klassekampen: 'What does interpretation of organ music mean?' How do we separate one performance on the organ from another? What sort of artistic tools does the organist use in order to create an individual interpretation? The lecture will be held in Norwegian.

Gratis / *Free*

18.00

Konsert i Lura kyrkje (Sandnes)

Konsert der Karin Nelson-trio presenterer sin nye CD *Tantum* (2018), eit album som er inspirert av ulike tema frå ulike musikktradisjonar, inkludert gregorianske melodiar, jazzpåverknader og folkemusikk. Konserten finn stad i samarbeid med Lura kyrkjelyd i høve 30-årsjubileet for Jemlich-orgelet der.

Organist Karin Nelson, flautist Jonas Simonson and double bassist Anders Jormin present new disc Tantum, inspired by different traditions, including gregorian chant, jazz, and folk music. The concert is part of the 30th anniversary series for the Jemlich organ at Lura Parish Church.

Karin Nelson, orgel
Jonas Simonson, fløyte
Anders Jormin, kontrabass

Billettar / *Tickets*

NOK 50–200

Kveldskonsert i Stavanger domkyrkje

Ivan Sarajishvili spelar utdrag frå den såkalla orgelmessa som vart publisert som det tredje bindet i *Clavierübung* (Klaverøvingar) av Johann Sebastian Bach. Stavanger domkor syng koralane før BWV 669 og 676–688. Dirigent er Oddgeir Kjetilstad. Verkpresentation av Vidar Vikøren.

This evening Ivan Sarajishvili performs excerpts from Bachs' magnificent Clavierübung, part III, popularly known as Bach's 'Organ mass'. Spoken introduction by Vidar Vikøren. The choir of Stavanger cathedral will sing the chorales before BWV 669 and 676–688. Conductor: Oddgeir Kjetilstad.

Johann Sebastian Bach (1685–1750)

Frå *Clavierübung* III:

Praeludium pro Organo pleno, BWV 552/1

Kyrie, Gott Vater in Ewigkeit, BWV 669

Christe, aller Welt Trost, BWV 670

Kyrie, Gott heiliger Geist, BWV 671

Allein Gott in der Höh sei Ehr, BWV 676

Dies sind die heiligen zehn Gebot, BWV 678

Wir glauben all an einen Gott, BWV 680

Vater unser im Himmelreich, BWV 682

Christ unser Herr zum Jordan kam, BWV 684

Aus tiefer Not schrei ich zu dir, BWV 686

Jesus Christus unser Heiland, BWV 688

Fuga a 5 con pedale pro Organo pleno, BWV 552/2

Ivan Sarajishvili, orgel

Stavanger domkor

Oddgeir Kjetilstad, dirigent

Vidar Vikøren, verkpresentasjoner

Gratis inngang, kollekt ved utgangen /

Free entry, retiring collection

søndag 16. september

FESTIVALHØGMESSE

HANS-OLA ERICSSON I STAVANGER KONSERTHUS

ORGEL OG LYRIKK



Foto: Kristof / Stavanger konserthus

Orgelet i Stavanger konserthus av Ryde & Berg 2012

Orgelfasaden er teikna av Ulf Oldæus

11.00

Festivalhøgmesser

Norsk orgelfestival feirer gudsteneste saman med tre av kyrkjelydane i våre to festivalbyar. Vel møtt til festivalhøgmessene!

Festival High Mass are celebrated in three of the most distinct parishes in the Stavanger/Sandnes area. The Ung kirkesang Youth Choir will sing Messe basse by Gabriel Fauré at Stokka, and young organ talents will perform music they have worked on this weekend at Lura and St. Johannes.

Stokka kyrkje

Deltaking frå Ung kirkesang-kor
Messe basse av Gabriel Fauré

St. Johannes kyrkje

Deltakarar frå Pilegrim i orgelsko spelar saman med Unge talenter Bjergsted under gudstenesta

Lura kyrkje

Deltakarar frå Pilegrim i orgelsko speler under gudstenesta

12.00—
15.00

Ope hus i Stavanger konserthus

Norsk orgelfestival samarbeider med Stavanger symfoni-orkester når orkesteret inviterer til ope hus for heile familien med særskild fokus på messinginstrument. Omvising i konserthusorgelet klokka 13.00 og 13.30 ved Nils Henrik Asheim.

Stavanger Symphony Orchestra wish you a warm welcome to their Family Day, with a particular focus on brass instruments. Guided tour of the the concert hall organ at 1 PM and 1:30 PM by organist Nils Henrik Asheim.

Gratis / *Free*

Konsert i Stavanger konserthus

Nordens uomtvista orgelmeister, Hans-Ola Ericsson, avsluttar den 28. utgåva av Norsk orgelfestival med ein solo-recital som verkeleg viser fram det største og mest imponerende orgelet i Stavanger! Frå Johann Sebastian Bach sine verk vert det spent ein boge til Ericsson sine eigne komposisjonar, som ved hjelp av elektronikk uttrykkjer dramaet i Bibelen si siste bok, Johannes' openberring.

We are proud to welcome Hans-Ola Ericsson, Scandinavia's most internationally renowned organ soloist, to the organ of Stavanger concert hall. He will close the 28th edition of the Norwegian Organ Festival with a programme that illuminates the relationship between old and new – bridging Bach with his own compositions, expanding the organ's palette with electronic means.

Hans-Ola Ericsson (*1958)

Melody to the Memory of a Lost Friend XIII (1985)

for orgel og elektronikk / *organ and electronics*

Johann Sebastian Bach (1685-1750)

Praeludium und Fuge h-moll, BWV 544

Hans-Ola Ericsson

Morbida, ma dolce sofferenza (2017)

for orgel og elektronikk / *organ and electronics*

Stephen Ingham (*1951)

Maroondah Merzbau (1993/96)

for orgel og elektronikk / *organ and electronics*

Johann Sebastian Bach

O Mensch, beweine deine Sünde groß, BWV 622

→

Hans-Ola Ericsson

Frå De fyra varelsernas Amen (1999–2000)

Mässa för orgel och elektronik utgående från och efter texter
av Olov Hartman / *Mass for organ and electronics derived
from and based on words by Olov Hartman*

Sanctus – «Frön» / *'The Seed'*

Agnus Dei – «... utgrenat ...» / *'... branching out ...'*

Postludium – «Spikar» / *'Nail'*

Hans-Ola Ericsson, orgel og elektronikk

Billetter til denne konserten kan berre kjøpast via
Stavanger konserthus sine nettsider og billettkontor
www.stavanger-konserthus.no. Norsk orgelfestivals
festivalpass og kurspass er gyldig adgangsteikn på
konserten.

*Tickets to this concert from www.stavanger-konserthus.no
or the ticket office at Stavanger konserthus. The festival pass
and kurspass are valid for entry.*

Billetter / *Tickets*

NOK 50–200

—

tysdag 18. september

19.00

Musikk og lyrikk i Stavanger domkyrkje (premiere)

«Kva er eit menneske?» Kolbein Haga (orgel) og Odveig
Klyve (dikt) leikar seg i Bach sitt univers – ein dialog av
musikk og lyrikk. Vi rundar av Norsk orgelfestival og
peikar fram mot den komande litteraturfestivalen *Kapittel*.

Kolbein Haga, orgel

Odveig Klyve, diktframføring

Billetter / *Tickets*

NOK 100–150

utøvarar





**Hans-Ola Ericsson
Ghislain Gourvennec
Einar Fagerheim
Goos ten Napel**



Foto: Hilde Brevik

**Trio: Jonas Simonson,
Anders Jormin og Karin Nelson
Magnus Andersson
Duo: Thomas Torstrup og
Martin Högberg
+ John Pål Inderberg**



Foto: Stavanger Aftenblad



Foto: Tove Elin Berg

**Vidar Vikøren
Dagny Gimse
Kolbein Haga
Odveig Klyve**

Nils Henrik Asheim er komponist og Stavanger konserthus sin faste organist. Ved sida av å opptre som ein allsidig musikar på orgelet og liknande instrument, står han bak utviklinga av Stavanger konserthus si omfattande satsing på orgelprogram, med mellom anna konsept som *Orgelnatt* og *Orgelets Ønskekonsert*, og gjennom dette utvida instrumentet si rekkevidde til å nå nye publikumsgrupper. Nils Henrik Asheim deler karriera si mellom å vere komponist og utøvar på orgel og piano. Han utdanna seg i Oslo og Amsterdam og har hatt komposisjonsoppdrag for dei fleste større norske festivalar og symfoniorkester, samt Den Norske Opera & Ballett.

Tom Brevik er ein allsidig og anerkjent musikar, pedagog, dirigent, arrangør og komponist. Han underviste i fleire år i m.a. musikkteori, høyrelære og instrumentasjon/arrangering/orkestrering på Griegakademiet i Bergen.

Hans-Ola Ericsson er pedagog, konsertorganist og komponist. Han vart fødd i 1958 i Stockholm, og etter studier hovudsakleg i heimbyen og i Freiburg, og seinare i USA og Venezia, vart han i 1989 professor ved kyrkjemusikkstudiene ved Musikkhøgskulen i Piteå som er tilknytt det Tekniske Universitetet i Luleå, Sverige.

Han har vore instruktør og gjesteprofessor ved tallause sommar-kurs og studiestadar, mellom anna i Riga, København, Bremen og Amsterdam. I 2011 vart han professor ved McGill University, Montréal, Canada. I 1999 vart hans komplette Messiaen-innspeling (BIS) med på magasinet *Die Zeit* si liste som ein av dei 111 viktigaste innspelingane for det neste årtusenet. Han er medlem av Kungliga Musikaliska Akademien, og i 1999 mottok han den svenske komponistforening sin interpretasjonspris.

Einar Fagerheim er fødd i 1962. Han har utdanning og yrkeserfaring innanfor fysioterapi og informasjonsteknologi. Dessutan er han ein seriøs hobbymusikar med klassisk gitar som instrument og gift med organist Bodil Fagerheim. I 2015 kom han over Timani, som er ein metodikk for å få musikarar til å spele på lag med eigen kropp. Han fann dette så interessant at han valde å starte på ein treårig sertifisering som timanilærar. I 2018 er han ferdig med år 2 og kvalifisert for å halde foredrag samt gje undervisning i Timani. På festivalen skal han gjere begge delar.

Ghislain Gourvennec arbeider som kantor i Stokka kirke i Stavanger, som frilansar og som universitetslektor ved Universitet i Stavanger, fakultet for utøvande kunstfag. Han byrja si musikalske løpebane som 6-åring, med undervising i orgel, piano, analyse, harmonilære og seinare cembalo og direksjon. Han tok diplom-utdanninga si i Norge og Frankrike (Conservatoire National de Region de St Maur-des-Fosses og Universitetet i Stavanger). Gourvennec har delteke på kurs og meisterklassar med mellom andre Olivier Latry, Susan Landale og Harald Vogel. Han har gjort ei rekkje konserter i Norge og Frankrike, både solo, med kammerensembler og orkester. Han har spelt inn samla orgelverk av Henrik Ødegaard og verk av Buxtehude på orgela i Sirdal.

Dagny Gimse er fødd og oppvaksen i Trondheim, der ho gjekk danselinja ved katedralskulen. Ho er no på sitt avsluttande år for bachelor i samtidsdans ved Universitetet i Stavanger. Dagny har også ein bakgrunn innan klassisk musikk og har av den grunn ein sterk musikalsk relasjon som ho gjerne formidlar gjennom røyrslø.

Kolbein Haga er utdanna ved Norges musikkhøgskule, Oslo, og Det kgl. danske musikkonservatorium i København. (Solistdebut København og Oslo 1976.) Han har vore organist og kantor i Den norske kyrkja i 25 år, og arbeider innan dette området som fri kunstnar og sakkunnig konsulent. Kolbein Haga er fyrsteamanuensis i orgel- og kyrkjemusikk. Han har vore medansvarleg for kyrkjemusikarutdanninga ved Universitet i Stavanger/musikkonservatoriet i 20 år og prosjektleiar for kyrkjemusikk i Kyrkjens arbeidsgjevarorganisasjon KA.

Kolbein Haga har gitt konsertar og gjort radio- og plateinnspelningar i Norden, Baltikum, Sveits, Holland, Storbritania, Aust- og Vest-Tyskland. Han har vore kunstnarleg leiar for Norsk orgelfestival sidan etableringa i 1990 til sommaren 2015.

Anders Jormin er ein internasjonalt anerkjend kontrabassist og komponist. Han har delteke på tallause plateinnspelningar, og har blitt tildelt mangfoldige prisar og utdelingar for sin personlege stil. Jormin var den første samtidsimprovisatøren som fekk plass i Kungliga Musikaliska Akademien, og han har komponert for både kor, kammerorkester og fleire mindre ensembler. Hans første



Foto: Emilie Ashley



**Nils Henrik Asheim
Ivan Sarajishvili
Stavanger domkor
Tom Brevik
Arnfinn Tobiassen**



Foto: Hans Knut Sveen

symfoni fekk sin premiere i november 2015. Han er professor i improvisasjon ved Musikkhøgskulen i Göteborg, og han har blitt tildelt æresdoktorat frå både Helsinki og Tallinn.

Odveig Klyve er forfattar, gjendiktar og filmregissør. Ho debuterte i 1993 med diktsamlinga Rift. Klyve har m.a. skrive ni diktsamlingar, fire gjendiktingar, åtte barnebøker, og har hatt manus og regi på mange kortfilmar. Dikt av Klyve er omsett til 18 språk, m.a. arabisk, engelsk, fransk, spansk, persisk, kinesisk, russisk og hindi. Ho er ein mykje brukt opplesar og har samarbeida med musikarar som Terje Isungset, Eva Pfitzenmaier, Gertrud Økland, Johan Egdetveit, Nils Henrik Asheim, Reidar Larsen, Odd Erik Ognedal og Stig Roar Wigestrland som alle har sett musikk til dikta hennar.

Goos ten Napel er opprinneleg frå Nederland og kom til Noreg og Suldal i 1994 som kantor. Der blei han verande i 16 år. Frå 2010 har han vore kantor i Vår Frelses kyrkje i Haugesund, og er der mellom anna dirigent for Vår Frelses kantori. Som dirigent har han mykje erfaring, både frå acappellarepertoar og frå dei store verka for kor og orkester. Han har si utdanning som klokkenist frå Løgumkloster kirkemusikkskole i Danmark.

Karin Nelson studerte musikk og pedagogikk ved Musikkhøgskulen i Piteå og kyrkjemusikk ved Högskolan för scen och musik – Göteborgs universitet, der ho også tok sitt solistdiplom. Etter dette fulgte cembalo- og orgelstudier ved Sweelinckakademiet i Amsterdam. Nelson er i dag professor i orgel- og kyrkjemusikkstudier ved Norges musikkhøgskole i Oslo og ved Högskolan för scen och musik – Göteborgs universitet. Hennar Ph.D.-avhandling hadde tittelen *Improvisation and Pedagogy through Heinrich Scheidemann's Magnificat Settings*. Ho gjev jamnleg konsertar i Skandinavia og har gjort fleire innspelningar. Programma hennar varierer mellom tradisjonelt orgelrepertoar og frie improvisasjonar. Nelson er også populær ved meisterklasser og deltek som jurymedlem i internasjonale orgelkonkurransar.

Ivan Sarajishvili, opprinneleg frå Georgia, har utdanning frå Norges musikkhøgskole, det Kongelige Danske Musikkonservatorium og Hochschule der Künste i Berlin. Han har spesialisert seg på fransk

og tysk orgelmusikk frå 1600- og 1700-tallet. Sarajishvili er ein aktiv konsertorganist og har halde konsertar i Norden, Tyskland, Ungarn, Polen, Tsjeckia, Russland, Spania og Italia. Han har hatt fleire kantor- og organiststillingar i Tbilisi, Berlin, Oslo, Hadeland og er no domorganist i Stavanger domkyrkje.

Jonas Simonson er kjend som ein av av Sveriges mest etablerte fløytistar på folkemusikk- og verdsmusikkscena. Dei siste 30 åra har han turnert over heile verda med musikken sin. Han har hatt stor påverknad på den allereie innovative svenske folkemusikkstilen, og deltek på ei mengde album med sin intense rytmiske og personlege stil. For tida er det gruppene Groupa, Zephyr, Crane Dance Trio, Tuultenpesä, Westan og Jormin/Nelson/Simonson som er dei han deltek mest saman med, og han har også spelt med De Fule, Båsk, Kapell Frisell og Amanda Ensemble. Sidan 2001 har han vore tilknyta verdsmusikkavdelinga ved Högskolan for scen och musik – Göteborgs universitet, og han har tidlegare vore tilknytta Kungliga musikakademien i Stockholm og det Kongelige Danske Musikkonservatorium i København.

Arnfinn Tobiassen er til dagleg kunstnarleg leiar for Norsk orgelfestival og kantor i den vakre middelalderkyrkja på Avaldsnes, Karmøy. Tobiassen har si utdanning frå Royal Academy of Music i London (2001–2007) der han vann fleire prisar for mellom anna beste eksamenskonsert. Han har også fullført kyrkjemusikk-utdanning frå Norges musikkhøgskole. Tobiassen gav i 2015 ut si første plate, eit komponistportrett av Trond Kverno på plateselskapet LAWO Classics (www.lawostore.no) saman med Bergen domkor og Kjetil Almenning, og planlegg ei ny utgjeving med Johan Kvandal sin orgel- og gitarmusikk i 2019.

Torstrup & Högberg er ein duo som blandar jazz, kyrkjemusikk og folkemusikk. Saman lagar dei kammermusikalske komposisjonar for orgel og andre instrument, dei byggjer opp spanande klangbilete og kryssar komposisjon og improvisasjon. Dei er plateaktuelle med albumet *Selbu Sessions*, innspelningar frå Selbu kyrkje saman med den anerkjente saksofonisten John Pål Inderberg. Duoan har tidlegare hatt vellukka samarbeid med skodespelar Hildegunn Eggen (Trøndelag Teater) og fleire andre kunstnarar. Artistane, som

begge har bakgrunn frå jazzlinja i Trondheim (NTNU), har spelt saman i ulike samanhengar som har involvert både tradisjonelle og utradisjonelle format.

Dei samarbeider med den anerkjente saksofonisten John Pål Inderberg. Inderberg er ein allsidig saksofonist med sans for eit spontant musikalsk uttrykk. Han kombinerer mange stiluttrykk m.a. i samarbeid med norske og amerikanske jazzmusikarar. Hans sopran- og barytonsaksofon kan høyrast på ei lang rekke plateinnspelningar. To ytterpunkt blant Inderbergs medmusikarar kan være Lee Konitz og Øystein Dolmen. Ved sida av si utøvande verksemd er Inderberg professor ved jazzlinja i Trondheim.

Vidar Vikøren, Ph.D., er fyrsteamanuensis ved Institutt for musikk og dans, med ansvar for orgel og kyrkjemusikkfag. Sidan 1985 har han vore organist og kantor ved St. Petri kyrkje i Stavanger. Han er også dirigent for mannskoret St. Svithun Sangforening av 1895. Vidar Vikøren har si utdanning frå Norges musikkhøgskole, konservatoriet i Strasbourg, har seinare studert orgel med Harald Vogel ved Nord-Deutsche Orgelakademie i Bunde, og med Jacques van Oortmerssen ved musikkhøgskolen i Gøteborg. Vikøren er cand. philol. i musikkvitenskap fra Universitetet i Oslo og har doktorgrad i musikalisk gestaltning fra universitetet i Gøteborg. Han gjev regelmessig orgelkonsertar i St. Petri kirke, og har også gjeve konsertar i Sverige, Danmark, Tyskland og Slovakia.

NORSK ORGELFESTIVAL vart stifta i 1990 på Karmøy. Festivalen har sidan starten hatt som målsetjing å fremja det beste i orgelkulturen, med omsyn til både folkelege, liturgiske og kunstmusikalske trekk. Norsk orgelfestival er forankra i Stavanger kyrkjelege fellesråd med eit styre oppnemnd av Stavanger kyrkjelege kulturutval.

Styret for festivalen består av Edgar Hansen (styreleiar), Ragnhild Halle, Arne Sigurd Mossige, Rune Skagestad, Torill S. Lura.

Kunstnarleg leiar er Arnfinn Tobiassen.

Kontaktinfo at434@kirken.no / + 47 51 84 04 00

www.orgelfestival.no / www.facebook.com/orgelfestival



OSLO 2018 ORGELFESTIVAL



7.–14. oktober 2018

Én by. Én uke. Ni kirker. Tolv konserter.

Oslo orgelfestival er en hyllest til Oslos kirkeorgler med verk fremført av organister og musikere fra Norge og utlandet.



MESSIAEN 17.11.18 COMPLETE

OLIVIER MESSIAENS SAMLEDE
ORGELMUSIKK PÅ ÉN DAG

STAVANGER
KONSERTHUS

festivalstader

Randaberg

Grødem kyrkje

Torvmyrveien 40

Sandnes

Lura kyrkje

Kobberveien 109

Sandnes kyrkje

Storgata 48

Stavanger

Galleri Sølvberget

Møteplassen

Sølvberggata 2

St. Johannes kyrkje

Høgسفjordgata 8

St. Petri kyrkje

Nytorget 2

Stavanger domkyrkje

Haakon VII's gate 2

Stavanger konserthus

Sandvigå 1

Stokka kyrkje

Chr. Skredsvigs vei 23

Thon Hotel Maritim

Kongsgata 32

Tjensvoll kyrkje

Tellusveien 41



Formgeving: Munch design



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



STAVANGER KOMMUNE



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE



BERGESESTIFTELSEN

Takk for støtten Stavanger bispedømme, Opplysningsvesenets fond,
Det kongelige kulturdepartement, Den kulturelle spaserstokken Sandnes,
Avisa Vårt Land, Ung kirkesang, Cantando Musikkforlag A/S,
Musikernes fellesorganisasjon avd. Rogaland, Sandnes kommune, Thon Hotel.

• Lura kyrkje

• Sandnes kyrkje
Sandnes